

Til Alver Kommune
Plan, bygg og eigedom
Postboks 79
5906 Frekhaug

Gnr 322 Bnr 16 - Søknad om unntak frå plankrav jf. 2.1.1a i KPA ifm. Deling av eigedom og oppretting av ny matrikkeleining.

Viser til kommunens brev av 4.12.20 i sak 20/18501- 2077248 vedr. søknad om deling av eigedom. Kommunen viser til at det må søkjast om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel(KPA)pkt.1.2.1. Viser til telefonsamtale med Kjartan Medaas og endrar difor vedlegg «skildring av søknad av 23.11.20». Endringa er at *frådelt* parsell 1 skal få nytt Bnr. Det er godkjend søknad om rivning av eksisterande bustad og oppføring av ny bustad og garasje på eigedomen jf. Sak.nr. 20/142. Delingssøknad gjeld areal til bustad, garasje og driftsbygning som står på parsell 1 i søknaden. Me søkjer om unntak frå plankravet jf. 2.1.1a i KPA.

Ved fortetting i område for bygg og anlegg, som i vesentleg grad er utbygd utan reguleringsplan, og småbåthamn / flytebyggje, kan det gjevast fritak frå kravet om reguleringsplan etter kap. 1.2 når følgjande vilkår er innfridd, jf. pbl § 11-10 nr. 1:

- *Nye tiltak kan knyte seg til eksisterande infrastruktur jf. pbl § 11-10.nr 1*
- *Nye tiltak er tilpassa eksisterande busetnad når det gjeld høgde, volum, estetikk og grad av utnytting, jf. pbl § 11-10.nr 2*

Det same gjeld for tiltak som ikkje medfører fortetting men som krev ansvar etter pbl § 20-3.

Grunngjeving av delingssøknad:

Bustaden på omsøkt parsell bruker eksisterande veg vatn og avlaup, og rivning av eksisterande bustad og oppføring av ny og kjem inn under følgjande «for tiltak som ikkje medfører fortetting men som krev ansvar etter pbl § 20-3.» Den nye bustaden stetter også punkt 2. «Nye tiltak er tilpassa eksisterande busetnad»

Me meiner difor at søknad om deling er innafor krava til at det kan gjevast fritak fra kravet om reguleringsplan.

Restarealet (Parsell 2) blir ein del av Områdeplanen for Mjåtveitstø-Dalstø som er under arbeid og søkjar er klar over at krava i kommunedelplanen for Meland gjeld her.

For Eurefjellet Invest AS


Bjørn Knudsen